



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mona Fauskanger, 5557 2203

## Tilskot i 2019 frå kapittel 765 post 60 - tilbod til vaksne med langvarige og samansette behov for tenester

Fylkesmannen i Vestland har fått belastningsfullmakt på kr 26 390 000. Samla søknadssum er kr 46 289 965.

I Sogn og Fjordane er søknadssummen kr 4 442 530 og vi har fått kr 2 900 000 til fordeling. I Hordaland er søknadssummen kr 41 847 435 og vi har fått kr 23 490 000 til fordeling.

I 2019 får Meland kommune med dette eit tilskot på **kr 300 000 over kapittel 765 post 60**.

Tiltak	Status	Søknadssum	Tildeling 2019	Overføring frå 2018	Utbetaling 2019
Oppfølging i bustad og aktivitet	Vidareføring av tiltak i overgangsordning. 2019 er siste året det blir gitt tilskot.	600 000	300 000	28 689	271 311

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan difor ikkje klage på denne avgjerda eller vilkåra i dette brevet.

Tildelinga av tilskot er gjort i samsvar med tildelingskriteria, jf. regelverket for tilskotsordninga. Tildelinga er òg lagt fram for Helsedirektoratet.

### Endra regelverk for tilskotsordninga frå og med 2019 – overgangsreglar

Det er venta at etablerte ACT-team og FACT-team som har fått tilskot i 2 år eller meir er integrerte i ordinær drift frå og med 2020.

Fylkesmannen kan skjønnsmessig tildele tilskot etter kvar på stigen den enkelte tilskotsmottakaren skal plasserast etter kor lenge det er gitt tilskot frå denne tilskotsordninga og tidlegare tilskot.

For tiltak/prosjekt som ikkje kjem inn under regelverket for ordninga kan det gjevast tilskot for inntil 1 år. Dette gjeld tilskot til tiltak som ikkje kjem inn under dei prioriterte tiltaka 1-3 i regelverket.



2019 er siste tilskotsåret for dei som tidlegare har motteke tilskot til tiltak som ikkje kjem inn under dei prioriterte tiltaka 1-3 i regelverket. I tildelingsbrevet de fekk i 2018 blei de gjort særskilt merksam på at ev. tilskot i 2019 blir langt mindre enn tildelinga i 2018.

### **Bruk av midlane i 2019**

Tilskotet skal disponerast til årsverk, altså lønn til stillingar, og kan ikkje nyttast til andre utgifter eller investeringar.

Midlane skal nyttast til føremålet dei er gitt til i dette budsjett- og kalenderåret, jf. regelverket for dette tilskotet og krava i dette brevet.

### **Utbetaling og krav til stadfesting**

Tilskot blir først utbetalt når:

- vi har fått og godkjent rapport for fjorårets tilskot (rapport om måloppnåing og økonomirapport)
- vi har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand, sjå vedlegg.

Ver venleg å fyller ut og sende stadfesting til [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no) snarast.

### **Ubrukte midlar**

Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

- betale heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer **7694 05 01098**, merkt med kapittel 765, post 60 og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette på førehand.
- søkje om overføring av ubrukte midlar innan 30. november 2019. Føresetnaden for godkjenning, er at tiltaket blir vidareført. Ubrukte midlar i 2019 blir trekt frå neste års tildeling av tilskot dersom tilskotet kan vidareførast.

### **Rapportering**

Rapporteringa skal vere i samsvar med regelverket for tilskotet.

Kommunen skal rapportere måloppnåing til oss innan 15. februar 2020 i rapporteringskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) og [www.helsedirektoratet.no/tilskudd](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd). Sjå kriteria for måloppnåing i regelverket for tilskotsordninga.

Kommunen skal innan 31. mars 2020 sende rekneskapsrapport per 31. desember 2019. Rekneskap skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor, jf. § 11 i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar.

Rekneskapa skal vere revidert i samsvar med Den norske revisorforenings standard [ISA 805 "Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående rekneskapsoppstillingar og spesifikke elementar, kontoer eller poster i en rekneskapsoppstilling"](#).

Tilskotsmottakar skal gi revisor ein kopi av dette brevet før revisorkontroll.

Krav til stadfesting frå revisor gjeld for tilskot som er meir enn kr 200 000.

### **Kontroll og dokumentasjon**



Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle (e.f)  
fagdirektør

Mona Fauskanger  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1. Stadfesting
2. Regelverket for tilskotsordninga

Kopi med vedlegg til:

Meland kommune v/Tord Moltumyr Postboks 79 5906 FREKHAUG